

## Sterkt kvartalsresultat

***I eit kvartal med historisk høg aktivitet leverer Fjord1 nok eit sterkt kvartalsresultat.***

Fjord1 leverer eit netto overskot etter skatt på 115 millionar kroner i tredje kvartal. Omsetnaden vart på 705 millionar kroner, og EBITDA på 278 millionar kroner. Resultatbidraget har vore positivt frå alle segmenta (ferje, passasjerbåt, catering og turist). Omsetninga vil vekse til neste år når nye kontraktar startar opp 1.januar 2020.

*-2019 er eit overgangsåar med endringar i kontraktporteføljen og store investeringar i null- og lavutslepps fartøy og utbygging av ladeinfrastruktur. Dette forsterkar vår posisjon som den mest miljøvenlege leverandøren av ferjetransport i Noreg, fortel administrerande direktør i Fjord1, Dagfinn Neteland.*

Fjord1 har i dag 17 hybridelektriske fartøy i ferjeflåten og innan andre halvår 2020 vil selskapet ha ytterlegare 13 hybridelektriske fartøy i operasjon. 1.januar startar Fjord1 drift av ni nye samband i Hordaland, alle med ny miljøvennleg teknologi. Ein stor del av ferjeflåten i Fjord1 vil vere nullutslepp og bidra til positiv effekt på miljøavtrykket gjennom betydeleg redusert Co2-utslepp.

I løpet av andre halvår 2020 vil selskapet operere 30 elektriske ferjer og 19 samband vil vere elektrifisert. Sambandet Anda-Lote har vore drifta elektrisk i 1,5 år, og erfaringar etter å ha passert 50.000 ladningar viser at teknologien fungerer som venta. Også innan reiselivsområdet er det gode erfaringar med heilelektrisk drift.

### **Kontaktpersonar:**

*Dagfinn Neteland, administrerande direktør, mobil: 913 71 071.*

*Anne-Mari Sundal Bøe, økonomi- og finansdirektør, mobil: 902 78 906.*

**Om Fjord1:** *Fjord1 har si kjerneverksemd innan ferjetransport, og er det leiande ferjeselskapet i Norge. Fjord1 har også aktivitet knytt til hurtigbåt, catering og fjordbasert reiseliv. Fjord1 er eit innovativt selskap med store ambisjonar. Selskapet sin målsetnad er å vere best på miljøvennleg og påliteleg transport, og arbeider kontinuerleg med å utvikle nybygg i verdsklasse. Hovudkontoret er i Florø, og det er om lag 1200 tilsette i selskapet.*